

Møteprotokoll STYREMØTE FNF Møre og Romsdal

Dato: Fredag 25 mai 2018
Stad: Ørskogfjellet (Fjellstua)
KI: 0915-1200

Sakliste

Frammøtte; May Britt Haukås (SF), Ola Fremo (FNR) og Åsmund Steen (ÅST). Øystein Folden (NAT) og Åsa Fredly (NJFF) hadde meldt fråfall.

Sak 14.18 Godkjenne referat frå styremøte 6.feb. 2018

Vedtak:

Styret godkjenner referatet frå møtet 6 feb. 2018.

Sak 15.18 Skjergardstenesta og strandrydding

Vedtak:

Styret ser at arbeidsfeltet, som Skjergardstenesta er tenkt å handtere treff mange av dei frivillige grøne organisasjonane knytt til FNF. Dette gjeld spesielt marin forsøpling. Styret ber om at FNF-koordinator inviterer seg inn til ein plass i styringsgruppa for Skjergardstenesta i fylket som representant for dei frivillige organisasjonane.

Sak 16.18 Rådgevande utval for Dovrefjell

Vedtak:

Vårt forslag til medlem i RU-Dovrefjell er ein repr. frå Naturvernforbundet i Møre og Romsdal. Vi meiner at Naturvernforbundet er den org. som kan bidra med mest kunnskap og kompetanse inn i utvalet.

Sak 17.18 Ulovlege søppelfyllingar

Vedtak:

FNF Møre og Romsdal har no sendt ut eit brev til dei interkommunale renovasjonsselskapa og kommunane i fylket og bede dei vurdere å bruke metoden som BIR no praktiserer i 8 kommunar rundt Bergen. Vi tek kontakt med avfallsforum Møre og Romsdal for å sjå på moglege samarbeidsformer.

Sak 18.18 Driftstilskot frå fylkeskommunen, søknadsfrist 1 juni

Vedtak:


FNF Møre og Romsdal meiner å sjå at vår fylkeskommune ønskjer søknader frå kvar

Forum For Natur og Friluftsliv Møre og Romsdal

Idrettsvegen 2, 6413 MOLDE

Telefon: 46431427 E-post: moreogromsdal@fnf-nett.no

orgnr 916451954 www.fnf-nett.no



forum for
natur og friluftsliv
Møre og Romsdal

einskild organisasjon knytt til søknad om treårig driftstilskot for perioda 2019-2021. Vi meiner også å sjå at kvar einskild org. i FNF Møre og Romsdal er mest tent ved å søkje kvar einskild knytt til å forklare kva kvar org. har av aktivitet, planar og budsjett for dei komande åra (2019-2021). FNF-koordinator tek direkte kontakt med dei 12 organisasjonane i FNF Møre og Romsdal for å syte for at informasjonen om søknadsfristen 1 juni 2018 kjem fram.

Sak 19.18 Skilting i utmark

Vedtak:

FNF Møre og Romsdal vil arbeide med skilting i utmark der det er friluftsliv som tema.

Sak 20.18 Friluftsbarmeter i Møre og Romsdal

Vedtak:

FNF Møre og Romsdal vil arbeide med eit friluftslivbarmeter for kommunane i fylket og årleg kåring av den beste friluftslivkommunen i fylket.

Referat og muntlege orienteringar

- A Spelemidlar og naturmangfoldslova
- B Prosjekt Vipe og Storspove
- C Spørsmål frå FNF sentralt om rekneskapet for 2017
- D Sjikanøse stengsel – status

Åsmund Steen
Styreleiar

Ingbjørn Bredeli
FNF-koordinator